

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-000, TI-&13	22/69

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

## Høyring grunnrenteskatt på havbruk

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Høyringsnotat grunnrenteskatt på havbruk - departementet	13.12.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøfting

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Finansdepartementet har sendt ut ei høyring på forslag om å innføre grunnrenteskatt på havbruk med verknad frå 1. januar 2023. Høyringsfristen er 4. januar 2023.

#### Høyring

Utdrag frå sjølve høyringsbrevet; «Forslaget omfattar produksjon av laks, ørret og regnbueørret og inneber at grunnrenta skal skatteleggjast med ein effektiv sats på 40 prosent. Det er foreslått at reglane blir utforma slik at berre dei største aktørane vil betale grunnrenteskatt. Det skal skje ved at det blir føreslått eit botnfrådrag på mellom 4000 til 5000 tonn, tilsvarande høvesvis 54 og 67,5 mill kr. Botnfrådrag vil gjelde alle aktørar. Det blir føreslått vidare at skatten blir utforma som ein kontantstraumsskatt, det vil seie at inntekter og investeringar blir skattlagt løpande i det året dei blir opptjent. Ein sentral del av forslaget er at lokalsamfunn som stiller naturressursar til disposisjon, skal sikrast ei del av grunnrenteinntekta». Viser elles til vedlegg, sjølve høyringsnotatet.

#### Uttale

#### Konklusjon

Saka vert lagt fram for drøfting – med tanke på å gje ein høyringsuttale innan fristen 4.1.2023.

### **Kommunestyret - 075/2022**

#### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Kommunestyret samla seg om følgjande framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å utforme høyringssvar frå Masfjorden kommune basert på drøftingane i møtet

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Rådmannen får fullmakt til å utforme høyringssvar frå Masfjorden kommune basert på drøftingane i møtet.